

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/38/04

av 3. februar 2005

om endring av vedtak 2002/300/EF om utarbeiding av lista over godkjende soner med omsyn til *Bonamia ostreae* og/eller *Marteilia refringens*(*)

[meldt under nummeret K(2005) 217]

(2005/104/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/67/EØF av 28. januar 1991
om krav til dyrehelse ved omsetning av akvakulturdyr og
akvakulturprodukter⁽¹⁾, særleg artikkel 5, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I kommisjonsvedtak 2002/300/EF om utarbeiding av lista over godkjende soner med omsyn til *Bonamia ostreae* og/eller *Marteilia refringens*⁽²⁾ er det fastsett kva område i Fellesskapet som vert rekna som frie for blautdyrsjukdommane *Bonamia ostreae* og/eller *Marteilia refringens*.
- 2) Danmark har lagt fram underlagsdokument for at Limfjorden skal få status som godkjend sone med omsyn til *Bonamia ostreae* og *Marteilia refringens*. Den framlagde dokumentasjonen syner at denne sona stettar krava i direktiv 91/67/EØF. Sona kan difor få status som godkjend sone, og bør først opp i lista over godkjende soner som er fastsett i vedtak 2002/300/EF.
- 3) I tillegg har Irland lagt fram ei oppmoding om at lista i vedtak 2002/300/EF over soner i Irland som er godkjende med omsyn til *Bonamia ostreae*, vert

endra for at dei geografiske opplysningane om eitt av dei områda som er påverka av sjukdommen, skal verte meir presise. Nemninga «Loughmore, Blacksod Bay» bør difor bytast ut med «Logmore, Belmullet».

- 4) Vedtak 2002/300/EF bør difor endrast.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2002/300/EF vert bytt ut med vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærdet i Brussel, 3. februar 2005.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 33 av 5.2.2005, s. 71, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 137/2005 av 2. desember 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 10 av 23.2.2006, s. 1.

⁽¹⁾ TEF L 46 av 19.2.1991, s. 1. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 1).

⁽²⁾ TEF L 103 av 19.4.2002, s. 24. Vedtaket sist endra ved vedtak 2003/729/EF (TEU L 262 av 14.10.2003, s. 37).

VEDLEGG

«VEDLEGG

**SONER SOM ER GODKJENDE MED OMSYN TIL ÉIN ELLER FLEIRE AV
BLAUTDYRSJUKDOMMANE *B. OSTREAE* OG *M. REFRINGENS*****1.A. Soner i Irland som er godkjende med omsyn til *B. ostreae***

- Heile kystlinja til Irland, bortsett frå dei følgjande seks områda:
- Cork Harbour,
- Galway Bay,
- Ballinakill Harbour,
- Clew Bay,
- Achill Sound,
- Logmore, Belmullet.

1.B. Soner i Irland som er godkjende med omsyn til *M. refringens*

- Heile kystlinja til Irland.

2.A. Soner i Det sameinte kongeriket, Kanaløyane og Isle of Man som er godkjende med omsyn til *B. Ostreae*

- Heile kystlinja til Storbritannia, bortsett frå følgjande område:
- sørkysten av Cornwall, frå Lizard til Start Point,
- området rundt munningen av Solent, frå Portland Bill til Selsey Bill,
- området langs kysten i Essex, frå Shoeburyness til Landguard Point.
- Heile kystlinja til Nord-Irland.
- Heile kystlinja til Guernsey og Herm.
- Sona til States of Jersey, som omfattar tidevassområdet og området nærast kysten mellom merket for det gjennomsnittlege lågvatnet på øya Jersey og ei tenkt linje som er trekt opp tre nautiske mil frå merket for det gjennomsnittlege lågvatnet på øya Jersey. Sona ligg i bukta mellom Normandie og Bretagne, på sørsida av Den engelske kanalen.
- Heile kystlinja til Isle of Man.

2.B. Soner i Det sameinte kongeriket, Kanaløyane og Isle of Man som er godkjende med omsyn til *M. Refringens*

- Heile kystlinja til Storbritannia.
- Heile kystlinja til Nord-Irland.
- Heile kystlinja til Guernsey og Herm.

- Sona til States of Jersey, som omfattar tidevassområdet og området nærast kysten mellom merket for det gjennomsnittlege lågvatnet på øya Jersey og ei tenkt linje som er trekt opp tre nautiske mil frå merket for det gjennomsnittlege lågvatnet på øya Jersey. Sona ligg i bukta mellom Normandie og Bretagne, på sørsida av Den engelske kanalen.
 - Heile kystlinja til Isle of Man.
3. **Soner i Danmark som er godkjende med omsyn til *B. ostreae* og *M. Refringens***
- Limfjorden, frå Thyborøn i vest til Hals i aust.»
-